


Helleland

Den «gamle» skrivargarden på HELLELAND har vore både sorenskrivargard og offisersgard. Hovudbygningen, som vart freda i 1924, vart bygd i 1764 av kapellan CHRISTEN HEIBERG. Då han vart utnemnd til sokneprest i Jølster, selde han garden til kanselliråd GEELMUYDEN, som selde vidare til HANS DE KNAGENHJELM i 1774. Han var sjef for Søndre Hardangerske kompani.



Helleland i Catharine Kolles strek. Utan år.

SKREDHAUGEN

På Ernes, utanfor Lofthus, ligg SKREDHAUGEN; eit velstelt lite kulturhistorisk museum bygd opp av kunstmålar BERNHARD GREVE (1886–1962). Han kjøpte Skredhaugen i 1918 og flytta hit gamle hus og husbunad frå Sørfjorden; alt komponert med kunstnarens sikre sans for historiske kvalitetar. Hit søkte Bernhard Greve etter slitsame studiereiser kringom i Europa, og her fann han ro og inspirasjon saman med gode vener, som arkitekten FREDERIK KONOW LUND og kulturhistorikaren ROBERT KLOSTER. I dag er det Hardanger folkemuseum som forvaltar Skredhaugen.




Sorenskrivargard vart Helleland i 1791. OLE BORNEMANN HEIBERG kjøpte garden då han overtok sorenskrivar-embetet etter SØREN SCHELDERUP, som hadde halde til på Hesthamar (①396). Frå den tid har bruket på Helleland i bygdetale vorte heitande «skrivargarden». Sorenskrivar KOREN overtok garden i 1801, og i 1880 fekk systersonen hans, EMANUEL LUND, skøyte på eigedomen. Han var sjef for Hardanger kompani frå 1867, og i denne slekta har garden vore sidan; utleigd i ein kort periode i 1918–23 til sorenskrivar BLIX, som budde her til den nye sorenskrivarbustaden i Ullensvang vart bygd.

Hovudbygningen på den gamle skrivargarden, freda i 1924, vart ombygd i sveitserstil ved eigarskiftet i 1880. Det einaste som står att av det opphavlege interiøret er storstova mot nord, «salen», med dører, listverk, fotpanel med marmorerte fyllingar og eit originalt 1700-tals furugolv. Denne bygningen vert no kjernen i eit norsk rettsmuseum, flytta til ei ny tuft tvers over vegen for den tidlegare sorenskrivargarden på Helleland. □



T.v.: Ein bringeklut frå Bu museum.



EI ROSEBU FRÅ RENESSANSEN

Under riving av eit hus frå 1880-åra på Helleland kom det for dagen bord som hadde lege som stubbgolv mellom bjelkane. Våkre dekorasjonar i limfargar var skorne av på kryss og tvers. Store rosettar i blygrått og svart på lys oker botn, kontrastert med engelskraude arabeskrankar mellom rosettane, steig fram for augo, og etter eit omhugsamt rekonstruksjonsarbeid tok den opphavlege dekoren form. Bordbitane høyrde til i eit tak med seks bjelkefag. Nokre panelbord må ha høyrte til eit dekorert veggpanel. Det viser eit kjært motiv til alle tider; eit par på tur, her i typiske drakter frå 1600-talet. Ei staseleg rosebu har dette vore, her på eitt av bruka på Helleland, truleg måla av ein av dei laugsmålarane som hadde oppdrag i kyrkja i Ullensvang tidleg på 1600-talet.

Rekonstruksjon av delar av det dekorerte veggpanelet.



BU MUSEUM

AAMUND K. BU (1872–1944), bonde, lokalhistorikar, oppfinnar og cettegranskar, var ein av dei som skipa Hardanger bygdemuseum i 1911, men eldhugen for det historiske var så stor at han også bygde opp sine eigne samlingar på BU. To 1700-tals røykstover og eit stabbur vart plasserte fritt og fint ut mot fjorden, saman med to eldfaste kjellarar, som mellom mykje anna gjev plass til stor boksamling og ei unik samling av «bringeklutar»; ein fargerik del av hardangerbunaden. I 1979 overtok Hardanger folkemuseum drifta av dette museet, som er eit innhaldsrikt «kulturhistorisk kabinet».